

Petrusjka
Teater med
uforløyst
kafemeny

SIDE 17

8.2.95

KLASSEKAMPEN

Uforløyst meny

Av AMUND GRIMSTAD

TEATER

KAFECAFE Av Petrusjka
Teater. Manus: Julian Garner.
Regi:

Anne Mali Sæther. Musikk: Nils
Petter Molvær. Scenografi:
Tatjana Zaitzow. Dei som er
med: Anne Marit Sæther, Viggo
Solum og Tatjana Zaitzow.
Teaterhuset Avant Garden,
Trondheim.

PETRUSJKA Teater, med mange flotte dokketeateroppsettingar bak seg, har tatt steget fullt ut og laga sin første reine vaksenproduksjon. Det er eit dristig prosjekt der fallhøgda er tilsvarende stor, men stort sett kjem den vesle teatergruppa riktig bra frå satsinga. Det er kafelivet på godt og ondt som er utgangspunktet for ein eksistensiell fabel over ein merkeleg spise- stad med det arketypiske namnet Kafecafe, ein plass der menneskeleg lengt og leiting, fobiar og kjensler blir leve ut gjennom tre forhutla personar, godt karikerte, men samstundes presentert vart og humoristisk, absurd og poetisk. Alt til same tid. Og når vi går ut i februar- natta etter den drøye timen på kafe, kjem det for oss at kanskje var ikkje personane så aparte like- vel. Vi har sett dei, eller kan ha sett dei, på trikken, i butikken, eller kanskje ved nabobordet på ka- feen.

Gåtefull kafegjest

I Tatjana Zaitzow sin sikre scenografi er Kafecafe blitt ein spise- stad som dei fleste andre. Menyen er litt fattigslig; Bein, potet og is! Og skal

du ha noko å drikke, er det vatn. Den litt kontemplative serverings- dama Angelique (Anne Marit Sæt- her) tar i mot bestillingar på enkle og doble dagens med og utan po- tet, og Herr Fu (Viggo Solum), eit fyrverkeri av ein kokk, styrer kjøkkenstellet med ein aggressivi- tet og intensitet det verkeleg slår gnistar av. Slik går livet på kafeen med same menyen kvar dag, for det er trygt å vite kva du har, må vite. Inntil ei svartkledd dame (Tatjana Zaitzow) kjem på besøk og ber om kaffe. Kaffe? Dei har då vatn!

Den ukjende dama er den gåte- fulle kafegjesten, den umogelege å få tak på. Den svartkledd Zaitzow forsvinn bokstaveleg bak dokkene som ho fører meisterleg og vart til Nils Petter Molvær sin klagande trompet. Dei tre på scena er sikre i rollene sine, og alt er gjennomført til den minste detalj.

Men sjølv om detaljane er mange, og kafeobservasjonane gode, buttar det litt imot dramaturgisk. Det sta- dig repeterande bikkar tidvis over i det monotone, og oppsettinga mistar noko av framdrifta. Ideane er gode, men manuset til Julian Garner blir litt spinkelt. Regien til Anne Mali Sæther får rett nok maksimalt ut av den ellers så magre menyen, men her er framleis mye uforløyst kafe- mat for å seie det slik.

Stort register

Kafecafe har eit stort register og spenner frå det støyande absurde, via det forsiktige og poetiske til det alvorleg eksistensielle. På sitt beste er framsyninga i dei mest bur- leske kjøkkenscenene, og i dei vare dokkeopptrinna til sår musikk. Det- te mangfaldet syner at menyen slett ikkje er berre einsformig på kafeca- fe.

